



Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5764 - 23/59540

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
20.07.2023

Godkjenning av tiltaksplan for forureina grunn - gbnr 188/384, 188/416 og 188/421 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: **Saknr:**
Tiltak: Graving i forureina grunn
Byggjestad: Gbnr: 188/384, 188/416
og 188/421
Tiltakshavar: Orion Prosjekt AS
Søknadstype: Søknad om godkjenning av tiltaksplan, jf. Forskrift om begrensing av
forurensing § 2-8 (forureiningsforskrifta)

VEDTAK

Alver kommune godkjenner den innsende tiltaksplanen for forureina grunn av 07.07.23, jf. forureiningsforskrifta § 2-8. Vedtaket gjeld for gbnr. 188/384, 188/416 og 188/421.

Vi godkjenner tiltaksplanen med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan datert 07.07.23
- Det skal gjennomførast ei vurdering av risiko for spreieing av forureining som følgje av terrenginngrepet.
- Gjennomføringa av tiltaket skal hindre uakseptabel spreieing av ureina massar under anleggsverksemda og etter avslutta tiltak.
- Det skal ligge føre ein beredskapsplan ved fare for akutt forureining eller fare for akutt forureining
- Forureina massar skal leverast til godkjendt mottak.
- Sluttrapport skal sendast Alver kommune


SAKSUTGREIING

Orion Prosjekt AS planlegg utvikling av nye bustader i området Kvasnesvegen 33-37, gbnr. 188/384, 188/416 og 188/421. Eigedomen har tidlegare blitt nytta til bilverkstad, lager og kontor. Det er også konstaterat at det ligg ein nedgravd oljetank og ein oljeutskiljar på eigedomen. I denne samanhengen har Norconsult AS gjennomført ei miljøteknisk grunnundersøking av området og utarbeidd ein tiltaksplan for dei planlagde arbeida.

Tiltakshavar søker om godkjenning av tiltaksplan for graving i forureina grunn og levere massane til mottak med godkjenning etter forureiningslova.

Grunnforureining

Det er påvist forureining i 2 av prøvepunktene. Prøvepunkt KVAS-10-A41 inneheldt PCB tilsvarande tilstandsklasse 2. I prøvepunkt KVAS-22-A04 er det påvist Benzo(a)pyren tilsvarande tilstandsklasse 2 og Alifater (C12-C35) tilsvarande tilstandsklasse 3 i dei øverste 30 cm av massane. Det er ikkje påvist forureining i massane frå 30 cm og nedover.



TILTAKSPLAN

Tiltaksplanen definerer:

- Grunngraving av grunnundersøkinga og metode
- Miljømål
- Grunngraving av akseptkriterier i forhold til arealbruk

Tiltak for å unngå spreiding av forureining:

- Tiltak knytt til gravearbeidet for å oppdage ytterlegare forureining eller avfall i grunnen
- Tiltak knytt til mellomlagring av massar for å hindre spreiding av forureining.
- Tiltak for merking av forureina massar ved mellomlagring
- Tiltak for å hindre samanblanding av reine og ureine massar.
- Tiltak for å hindre at forureina massar vert levert til feil mottak.
- Tiltak for handtering av vatn i byggegrøp

- Krav til beredskapsplan ved fare for akutt forureining

Tiltak under anleggsfasen:

- Krav til entreprenør under gravearbeidet.
- Krav til utarbeiding av beredskapsplan før arbeidet startar
- Krav til tiltakshavar
- Tiltakshavars ansvar for at entreprenør er kjent med tiltaksplanen
- Oppfølging av entreprenørs handsaming av forureina massar
- Tiltakshavar skal kontrollere
 - Entreprenørs etterleving av tiltaksplan
 - Dokumentasjon på at massane er levert godkjent mottak.
 - Utarbeide sluttrapport for prosjektet.
- Krav til sluttrapport for prosjektet og kva denne skal innehalde.

VURDERING

Kommunen legg tiltaksrapporten for gbnr. 188/384, 188/416 og 188/421 til grunn og vurderer at tiltaksrapporten som ligg føre ser ut til å være tilstrekkeleg for å kunne vurdere omfanget av forureininga. Kommunen i er vidare av den oppfatning at dei føreslegne akseptkriteria tek i vare helse og miljø for den aktuelle arealbruken.

Det er ikkje lagt ved risikovurdering for spreining av forureining under gravearbeidet. Dette må gjennomførast i samband med utarbeiding av beredskapsplan. Arbeidet kan ikkje starte opp før risikovurdering og beredskapsplan ligg føre.

Krav til tiltaket

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan datert 07.07.23.

- at tiltaksområdet, som eit minimum, møter krava til planlagd arealbruk, sjå rettleiinga [Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn, miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no)
- å hindre uakseptabel spreining av miljøgifter frå tiltaksområdet under anleggsverksemda og etter ferdigstilt tiltak
- Forureina massar som vert fjerna frå tiltaksområdet, skal leverast til godkjend deponi eller behandlingsanlegg med løyve etter forureiningslova.
- at det blir tatt prøvar av området etter at dei forureina massane er fjerna, for å dokumentere at massane som er att ikkje er forureina ut over tilstandsklasse 2, sjå rettleiinga [Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn, miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no).

Krav om kontroll og beredskap

- Anleggsområdet skal til ei kvar tid vera tilstrekkeleg sikra slik at området ikkje er tilgjengeleg for allmenta.
- Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgang til anlegget for inspeksjon
- Det skal utarbeidast ein beredskapsplan for handtering av ukjend eller akutt forureining i grunnen
- Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av tiltak, skal den ansvarlege straks varsle brannvesenet jf, forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining.

Krav om graving og sortering av forureina jord skal sørgje for

- at miljøgifter ikkje blir spreidde dersom de grev opp forureina masser
- å unngå å blande forureina massar med reine massar
- at ved gjenbruk/ombruk av masser på eigedommen, skal reine massar og massar med låg forureiningsgrad prioriterast framfor massar med høgare forureiningsgrad
- å gjennomføre tiltak for å minimere tilstrøyming av overflatevatn til byggjegeroper

- etablere rutiner for å handtere vatn i byggjegropene, til dømes ved å etablere sedimentasjonstank og hente inn løyve frå kommunen for påslepp til kommunalt avløpsnett

Krav til mellomlagring av forureina jord

- Mellomlagring av forureina jord på tiltaksområdet, skal dette skje på ein slik måte at miløgiftene ikkje blir spreidde
- Mellomlagring av forureina masser som kan lekkje, skal skje på tett dekke og skjermast mot nedbør.

Dersom forureina massar skal mellomlagrast utanfor tiltaksområdet, må det innhentast løyve frå Statsforvaltaren.

Rapportering til Grunnforureining

De må rapportere lokaliteten til Miljødirektoratets database Grunnforurensning innan 3 veker frå dette vedtaket er motteke, dersom dette ikkje allereie er gjort.

Tiltakshavar sitt ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med dette vedtaket og forskrift om begrensing av forurensing kap. 2. Kommunen si godkjenning endrar ikkje tiltakshavar sitt ansvar for at tiltaka er tilstrekkelege etter § 2-5 i forskrifta.

Endringar i tiltaksplanen

Dersom det oppstår vesentlege endringar i tiltaksplanen, eller dersom det vert oppdaga meir eller anna forureining enn det som blei kartlagt, må det sendast inn revidert tiltaksplan. Kommunen må godkjenne den reviderte tiltaksplanen før endringane blir sette i verk.

Sluttrapport for forureina grunn

Når arbeidet er ferdige, skal det sendast inn sluttrapport til kommunen med skildring av korleis tiltaksplanen er følgt opp, og korleis dei forureina massane er handterte. Det skal koma fram av dokumentasjonen kva type forureina massar eller anna avfall som er levert, kvar det er levert, kva mengder og dato for levering. Dokumentasjonen skal vera frå mottakaren av massane.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/5764

Med vennleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Redegjørelse - Tiltaksplan for forurenset grunn